

Hordaland Fylkeskommune

07 OKT 2014

Erling Kleiveland  
Kleiveland  
5284 Tyssebotnen

Hordaland fylkeskommune  
Att: Stein Ottosen  
PB 7900  
5020 Bergen

**Underveisrapport vedr. jordkjellar, røykehus, gnr 106, bnr 6 Kleiveland – Osterøy  
kommune. Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2014, sak 50/14.**

Eg er ca. halvvegs med å utbetringa av jordkjellaren. Har med håndreidskapar tatt bort jord rundt inngangspartiet og på den skadde sida av jordkjellaren. Muren i inngongspartiet er retta opp det er grøfta og lagt stein på sidene slik at vatnet ikkje renn inn i jordkjellaren. Inne i jordkjellaren er det grave ut slik at det her er klart til å leggje pukk, duk og dreensrøyr. Har avtalt bestelt snikkar for å lage ny karm eter mal av den gamle. Fekk retta opp murane med bruk av fleire jekkar og støtter og med god hjelp av svogeran min som er vant med slikt arbeid. Det vart etter nøyte vurdering ikkje brukt gravemaskin til arbeidet med oppretting av murane.

Har venta i snart ein og ein halv månad på gravemaskin til grøfting. Har sjølv opna ei lita grøft for å få bort vatnet som kjem ut rundt og under murane.

Arbeidet som no står att er å

- grave ferdig grøft
- ha i singel, duk og dreensrøyr frå sjølve jordkjellaren til eksisterande grøft (ca. 30 meter)
- støype fundament/golv i inngongspartiet over grøft
- støype kappe på eine utsida av jordkjellaren
- fylle i småstein og fuge muren inne der det var skade inne i jordkjellaren
- dekke til att med jord der denne er gravd av
- lage ny karm og dør
- lage ei støttemur på sidene, ca. 2 meter inn mot inngangen til jordkjellaren

Eg reknar med at arbeidet slik det var skissert i søknaden, skal vera gjort i løpet av oktober/november 2014.

Kleiveland, 1.10. 2014

Helsing

Erling Kleiveland

Vedlegg: 3 foto